



**Notat**

Dato: 06.04.2017  
Arkivsak: 2014/1552-48  
Saksbehandlar: gurklyv

---

Til: Rune Haugsdal, Fylkesrådmann

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

**Jordskiftesak ved Indre Hordaland jordskifterett.  
Signatur på fullmakt som partsrepresentant.**

Hordaland fylkeskommune mottok brev frå Indre Hordaland jordskifterett datert 10.01.2017 om forkynning av krav om sak for jordskifteretten.

Kravet er registrert hos jordskifteretten som sak nr. 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl., og rekvidrenten er Lars Aslak Flatekvål. Han er eigar av gnr 61, bnr 1 i Voss kommune, og ønsker å få fastsett eigedomen sine grenser i fjell-/stølsområdet mot Lønahorgi. Sjå vedlagte kart.

Hordaland fylkeskommune er saman med andre eigarar i området trekt inn som partar i saka. Vi er eigar av gnr 60, bnr 1 - Voss jordbrukskule / Nye Voss vidaregåande skule.

Partane i saka er no kalt inn til saksførebuande rettsmøte den 23.05.2017.

Føremålet med møtet er å gjennomgå kravet, kartlegge nærmere kven som er part i saka samt vidare framdrift.

Det følgjer av Delegasjonsreglementet at fylkesrådmannen har « .. fullmakt til krevja jordskifte og vera partsrepresentant i samband med jordskifte». Det delegerte myndet kan delegerast vidare.

Trond Håvard Bjørnstad, som er *Avdelingsleiar Naturbruk og Restaurant og Matfag* ved Nye Voss vidaregåande skule, har stilt som partsrepresentant for fylkeskommunen i fleire av dei jordskiftesakene fylkeskommunen har vore part i på Voss. Han har svært god kunnskap om eigedomane skulen disponerer.

Vi ber om at han vert gjeve fullmakt til å stille som partsrepresentant ved det saksførebuande rettsmøtet den 23.05.2017. Vedlagt følgjer fullmaktsskriv for signatur.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga